



Statens vegvesen

VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/56986-17

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.03.2021

Vedrørende spørsmål om å trekke motsegner til detaljregulering for område BKB3 – Volda kommune

Statens vegvesen viser til brev av 25.02.2021.

Statens vegvesen er vegadministrasjon for staten på riksvegar. Det inneber at vi har ansvaret for å forvalte, planlegge, utvikle, drifte og vedlikehalde vegane på en optimal måte for brukarane og samfunnet elles. Vi er også sektormynde på vegne av Samferdselsdepartementet. Gjennom sektoransvaret skal vi bidra til oppfølging av statleg politikk på hele det offentlege vegnettet, herunder veger der andre enn staten har vegmynde. Sektoransvaret omfattar mellom anna trafikktryggleik, kollektiv, gange, sykkel, universell utforming og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og klima.

Saka gjeld

Statens vegvesen fremma ved offentleg ettersyn motsegn til følgjande:

- Manglande utgreiing av trafikktryggleik for mjuke trafikantar
- Planforslaget er i strid med reguleringsplan for E39 Volda – Furene og sikrar ikkje at o_V2 kan nyttast som omkøyringsveg i tilstrekkeleg grad
- U hensiktsmessig krav i føresegn § 3.1.2
- Føresegn § 2.8 er ikkje gyldig

Vi hadde i tillegg merknadar til følgjande:

- Anna arealbruk og høgare utnytting enn det som er avklara i overordna planer
- Støynivået stettar ikkje grenseverdiane i T-1442
- Sterk tilråding om å bygge rundkøyring på fv. 5894 samtidig som bygging av o_SV

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre vurderingar av det reviderte planforslaget i høve motsegnene:

Utgreiing av trafikktryggleik for mjuke trafikantar

I kapittel 7.17 er trafikktryggleik for kryssing av omkringliggande vegar nærmare utgreidd. Det er gangfelta i rundkøringa sin nordlege arm (kv. 8200 Sjukehusvegen) og austlege arm (fv.5894 Vikebygdvegen) som er dei som vert mest belasta som følgje av utbygginga, og i mindre grad gangfelta over «E39–armane» (Elvegata/Austefjordvegen).

Det er ut frå tilhøva i kryssingspunkta skissert forslag til å betre gangfelta over E39 og Vikebygdvegen med betre belysning. Vidare også etablering av eit nytt gangfelt over Vikebygdvegen lenger aust. Dette er vist i den juridisk bindande illustrasjonsplanen. Gangfeltet over Sjukehusvegen er vurdert til å vere akseptabelt.

Vi gjer oppmerksom på at nye gangfelt krev eige vedtak etter skiltforskrifta, og kan soleis ikkje bestemmast i ei reguleringsplan. Når det gjeld lokaliseringa av gangfelta over Vikebygdvegen, er dette noko som må diskuterast nærmare med vegeigar, Møre og Romsdal fylkeskommune.

Belysning ser vi på som eit viktig tiltak, og ser positivt på at det er stilt rekkefølgjekrav til dette i føresegn 6.4 – Veg, punkt 8. Det er likevel slik at ein ikkje berre kan lyse opp eit av gangfelta i ei rundkøring som her, slik at alle gangfelta må etablerast med same belysningskrav. Belysningskrava er gitt i handbok N100. Å lyssette alle gangfelta er også i samsvar med anbefalingane i utgreiingane i planomtalen (med unntak av Sjukehusvegen).

Vi ser det difor som naudsyn at belysninga skal tilfredsstillast krava til intensivbelysning i handbok N100. Eit slik krav vil då sjølvsagt gjelde for alle gangfelta i armane til rundkøringa.

Planforslaget utgreier tilstrekkeleg for mjuke trafikantar for første byggesteg, og vi kan trekke **motsegna** til dette punktet. Vi forutsett at utgreiinga si tilråding om tilfredsstillande belysning vert følgt opp i føresegnene.

Sikring av utbygging av E39 Volda–Furene

Statens vegvesen har hatt ein dialog med plankonsulenten om korleis planen kan ivareta vegprosjektet E39 Volda–Furene sin trong for omkøyringsveg i perioden mens vegen vert bygd. Statens vegvesen konkluderer med at skissert løysing av byggesteg 1, i den juridisk bindande illustrasjonsplanen, sikrar at vi kan gjennomføre vegprosjektet som planlagt.

Når det gjeld formuleringa av føresegn 6.4 – Byggesteg, er denne noko open og uklar. Vi ser det som naudsynt at denne teksten formulerast om til at byggesteg 2 kan ikkje byggast ut før vegprosjektet E39 Volda–Furen er bygd ut. Dersom det i ettertid viser seg at byggesteg 2 kan realiserast utan at det kjem i konflikt med vegprosjektet, kan dette formelt løysast ved dispensasjon frå rekkefølgjekravet.

Kan krava som nemnt over imøtekomast, kan vi trekke **motsegna** til dette punktet.

Føresegn § 3.1.2 og § 2.8

Føresegner knytt til trafikktryggleik langs omkøyingsvegen er tatt ut av planen, men er erstatta med andre formuleringar i fleire ulike føresegner, mellom anna 3.1.2.i, 3.3.3.3.g og o.

Statens vegvesen vil gjennom utbygginga av E39 Volda–Furene gjer naudsynte vurderingar når det gjeld kryssing av omkøyingsvegen. Kva for tiltak som skal gjerast har vi ikkje gått konkret inn på no, men vil sjølvsagt gjere det i tråd med våre rutinar som sikrar at trafikktryggleiken vert teken i vare.

Med bakgrunn i at føresegnene som påførte oss urimelege og uhensiktsmessige krav er teken ut av planen, kan vi trekke **motsegna** til dette punktet. Vi rår til at konkretisering som nemnt føresegnene over vert teken ut og erstatta med at Statens vegvesen skal sjå til at trafikktryggleiken vert teken i vare for mjuke trafikantar som må krysse omkøyingsvegen.

Avsluttande kommentarar

Når det gjeld merknaden om støy er det gjort eit meir inngåande arbeid med dette som gjer akseptable tilhøve. Vi ber likevel kommunen ta nærmare stilling til støy ved behandling av vår merknad til overordna plan og arealbruk. Når det gjeld merknaden til rundkøyning, bør det avklarast nærmare med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi vil elles kommentere nokre av føresegnene i planforslaget:

Av føresegn 6.4 – Veg, punkt 4 – følger det at «*Før BKB_1 d kan nyttast skal tilkomst til gnr./bnr. 20/14 vere opparbeidd til Vikebygdvegen, utanfor planområdet.*» Dette vil krevje løyve frå vegmyndigheitene og utgjer soleis ein usikkerheit til realiseringa av plana. Dette må da avklarast nærmare med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Av føresegn 6.4 – Veg, punkt 7 – følger det at «*f_SKV_3 kan ikkje nyttast når o_SV blir nytta som omkøyingsveg.*» Denne avkøyrseplanen høyrer til byggesteg 2. Vi ser difor ikkje at denne føresegna gjer meining all den tid byggesteg 2 ikkje skal byggast ut før E39 er bygd.

Konklusjon

Statens vegvesen har ovanfor vurdert planforslaget ut frå våre motsegner. Det er nokre tilhøve som synes noko uavklart, og vi har difor framsett vilkår som skal til for å trekkje motsegnene.

Vi ber også om at kommunen vurderer nærare våre merknader.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Møre og Romsdal fylkeskommune,
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE